

**PROSJEKTPLAN:
RESSURSBRUK OG RUTINAR FOR OPPFØLGING AV
MOTTAKARAR AV SOSIAL STØNAD
RADØY KOMMUNE 2014**

Heimel

Kommuneloven § 77.4 pålegg kontrollutvalet å sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunane. Forvaltningsrevisjon inneber mellom anna systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.¹

Bakgrunn

NAV er namnet på Arbeids- og velferdsforvaltninga som vart etablert 1. juli 2006. NAV kontora erstatta det som tidlegare var arbeidsetaten, trygdeetaten og sosialetaten. NAV kontora er eigd av stat og kommune, der kommunen har ansvar for tenestene som vert ytt etter Sosialtenestelova. Saman med Arbeids- og velferdsetaten bestemmer den enkelte kommune kva kommunale tenestert som skal inngå i NAV-kontoret utover det lovpålagde minimumskravet. Kommunelova gjev kommunane stor grad av sjølvstyre. Dette medfører at det vil finnast ulike lokale system og rutinar for å kartlegga og vurderer behov, tilby tiltak og følgja opp brukarar av sosiale tenester.

Føremål

Føremålet med forvaltningsprosjektet er å sjå nærare på kommunen si organisering og styringssystem innan tenesteområdet. Ein vil kartlegge kommunen sine praksisar og rutinar for å etterleva pålagde lover. Vidare vil ein gjera ei vurdering av i kva grad rutinar for oppfølging og ressursbruk innan tenesta er effektiv i høve til målsettinga om at mottakarar av sosial stønad vert sjølvhjelpen og kjem ut av rolla som stønadsmottakar.

Førebels problemstillingar²

Overordna problemstilling:

Har Radøy kommune eit styringssystem for å følgja opp mottakarar av sosial stønad på ein effektiv og formålstenleg måte?

1. Korleis er sosialtenesta organisert³ og i kva grad legg organiseringa til rette for ei effektiv forvaltning?
2. Har Radøy kommune system og rutinar som sikrar etterleving av relevante lovkrav i arbeidet med oppfølging av mottakarar av sosial stønad?
3. Sikrar Radøy kommune naudsynt opplæring, vedlikehald og vidareutvikling av kunnskap og kompetanse blant kommunen sitt personell i arbeids- og velferdsforvaltninga?

¹ Sjå kap. 3 i Revisjonsforskriften og kap. 5 i kontrollutvalgs forskriften for utfyllande informasjon.

² Problemstillingane kan verta endra om det syner seg hensiktsmessig. Dette vil kunne ha ringverknadar for revisjonskriteria.

³ Revisjonen vil skildra ressursbruken i sosialtenesta i samband med organiseringa av tenesta.

Avgrensing

Prosjektet vil avgrensast til systemnivå, der ein kartlegg kommunen sine system og rutinar for å følgja opp mottakarar av sosial stønad. Denne avgrensinga inneber at ein ikkje vil undersøkje sjølve sakshandsaminga, kvaliteten på sosialtenestene eller om den mottakarane mottar rett nivå av økonomisk stønad. Fokus vil vera på kva system som er etablerte, kva tiltak kommunen kan tilby, kva rutinar og retningsliner som er styrande, òg om desse er nytta i praksis, om dei er dokumenterte og kan etterprøvast. Gode system vil kunne bidra til å sikre kvaliteten på tenestene og til at føremålet med lova vert oppfylt.

Revisjonskriterium

Omgrepet revisjonskriterium viser til dei krav og forventningar ein kan stille til den funksjon, aktivitet eller prosedyre som er gjenstand for forvaltningsrevisjon, jf. RSK 001. Innafor ramma av eit kommunalt forvaltningsrevisjonsprosjekt, vil det vere føremålsteneleg å avgrense prosjektet til å sjå på eit utval av slike revisjonskriterium.

I dette prosjektet vil revisjonskriterier verta utleia med grunnlag i m.a.:

- Kommunelova
- Sosialtenestelova
- NAV-lova
- Aktuelle forskrifter
- Aktuelle rundskriv og veiledarar

Det overordna revisjonskriteriet følgjer av kommunelova § 1 der det framgår at kommunen skal leggja til rette for rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale og fylkeskommunale fellesinteressene innanfor ramma av det nasjonale fellesskap.

Metode

Prosjektet vert lagt opp etter RSK 001: *"Forvaltningsrevisjon organisert som prosjekt"*. Revisjonen vil nytta både intervju, dokument,- KOSTRA- og rekneskapsanalyse, for å svare på problemstillingane i prosjektet.

Det vil vere aktuelt å intervjuje tilsette ved det lokale NAV-kontoret, samt rådmann og eventuelt administrativt tilsette i kommunen med koordinerande oppgåver mellom NAV og rådmann. Alle intervju vert verifisert, dvs at intervjuobjektet les igjennom og godkjenner innhaldet i referatet frå intervjuet. Revisjonen vil nytta KOSTRA-tal og rekneskapsanalyse for å undersøke kva ressursar kommunen har nytta til sosiale tenester, og korleis ressursar til sosiale tenester er fordelte og forvalta.

Førebels rapport vert sendt rådmann for uttale, og svarbrev følgjer endeleg rapport.

Organisering og ansvar

Revisjonen tek initiativ til oppstartsmøte med rådmann. Rapporten vert oversendt kontrollutvalet for handsaming, og kontrollutvalet avgjer om rapporten skal leggst fram for kommunestyret.

Tidsplan

Prosjektet vil truleg kunne starte opp siste halvår 2014, og prosjektet kan handsamast i kontrollutvalet før sommaren 2015.